

Søknad

Søknadsnr.	2017-0026	Søknadsår	2017	Arkivsak	2017/01629
Støtteordning	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland				
Prosjektnavn	Ny Hangursbane Hovudprosjekt				

Kort beskrivelse

Visjonen fra 2011 uttalte at "Voss stasjon skal opplevast som eit av dei mest funksjonelle og framtidsretta kollektivknutepunkt i Noreg». Voss kommune, Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune, Jernbaneverket, NSB og ROM Eiendom starta arbeidet med nytt knutepunkt på Voss. Ny Hangursbane blei invitert inn som del av det nye knutepunktet. Målet om saumlaus overgang sto sentralt. Knute-punktet vil bli unikt i Nord Europa, styrke regionssenteret Voss utvikle Vangen og bli ei innovativ nyvinning

Prosjektbeskrivelse

Ny Hangursbane er eit av fleire tiltak i det nye trafikknutepunktet på Voss. Arbeidet, som er eit større samarbeidsprosjekt mellom offentlege og private aktørar, har pågått sidan 2010. Den nye Hangursbanen vil erstatte og vera ei modernisering av Hangursbanen frå 1963. På den måten vil den nye Hangursbanen bli eit fyrtårn og eit landemerke for Voss også dei neste 50-60 åra.

Prosjektet har vorte utvikla i tett samarbeid med Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB, ROM Eiendom og Voss Resort.

Høsten 2016 starta første fase i arbeidet med den nye Hangursbanen. Fundamentet for nedre stasjon og påstigningsrom med heissluser er ein integrert del av det nye terminalbygget i knutepunktet og vil stå ferdig i august 2017.

Voss er ein viktig turistdestinasjon på Bergensbanen. Årleg reiser meir enn 600 000 strekninga Bergen-Voss. I tillegg kjem gjennomgangstrafikk for grupper med buss og individuelt reisande i eigen bil.

Knutepunktet er planlagt ferdigstilt 4. kvartal 2018. Arbeidet med gondolen vil gå over 3 fasar og vel 2 år. Første fase omfattar bygging av deler av nedre stasjon gondol. Arbeidet er starta opp og Hordaland Fylkeskommune har støtta tiltaket med eit tilskot på kr 1 500 000,-. 2 fase er bygging av mastepunkt og toppstasjon. Fase 3 blir montering av gondol (master, køyreledningar, teknisk utstyr, mm.). Arbeidet med fase 2 er under oppstart for å sikre framdrift på kritiske punkt. Fase 3 blir avslutta i 2019.

Når banen er ferdig vil den ha ein kapasitet på 1500 personar per time kvar veg. I knutepunktet vil ein samlokalisere sal og booking funksjonar for aktivitetets- og overnattingstilbydarar i regionen. Topp stasjonen vil bestå av topp stasjon gondol og ein restaurant med kapasitet på ca. 450 personar.

Det blir heilårsdrift på Hangursbanen og restauranten.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sigbjørn Slåtten Org.nr:3208 20 68758	Bavallstunet 27 5710 SKULESTADMO	91673452
Kontakt-person	Sigbjørn Slåtten	Bavallstunet 26 5710 SKULESTADMO	91674352
Prosjekt-leder	Sigbjørn Slåtten	Bavallstunet 27 5710 SKULESTADMO	91673452

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Ja, vi har motteke støtte til fase 1 Ny Hangursbane frå:

1. Skattefunn 5 MNOK
2. Hordaland Fylkeskommune 1,5 MNOK
3. Voss kommune 5 MNOK i tilskot og 15 MNOK i ansvarleg lån
4. Innovasjon Norge 10 MNOK i tilskot, samt lån

Spesifikasjon

Bakgrunn

«Voss stasjon skal opplevast som eit av dei mest funksjonelle og framtidsretta kollektivknutepunkt i Noreg» var visjonen då planarbeidet starta i 2011.

Voss kommune, Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune, Jernbaneverket, NSB og ROM Eiendom gjekk i 2010/11 saman om å utvikle området ved Voss Stasjon. Arbeidet med detaljreguleringa bygde på moglegheitsstudie utført i tida juni 2010 – mars 2011, der visjonen òg blei utforma.

«Føremålet med planarbeidet var å leggja til rette for optimal samordning mellom jernbanestasjon, buss-stasjon, drosjehaldeplass, parkeringsanlegg (for bil og sykkel) og gondolbane til Hanguren, med mest mogleg saumlaus overgang mellom dei ulike transportmidla (Knutepunktet, planskildring datert 2013-01-31).

Områdeplanen for Voss knutepunkt blei vedteken i 2013 og omfattar heile kollektivknutepunktet med alle funksjonar. Hovudmålet med planen var å gje føreseielegheit og visse om utviklinga av knutepunktet. Kollektivfunksjonane blei knytte saman med kommersiell utvikling av ny Hangursbane, hotell, anna næringsverksemder og bustader. Dei omfattande planane for knutepunktet skulle sjåast i samanheng med fortetting og utvikling av sentrum, og medverka til ei berekraftig utvikling av Voss og regionen omkring.

Det var behovet for auka kapasitet og betre løysingar for kollektivtrafikken på Voss stasjon som utløyste behovet for å sjå på ei heilsakleg utvikling av knutepunktet. Samstundes skulle E16 leggjast om slik at gjennomgangstrafikken som tidlegare gjekk gjennom Voss sentrum no går i tunell bak Vangen. Dette medførte behov for å innlemme vegen (den «gamle» delen av E16 om lag frå Fleischer's til Park Hotell) som ein del av områdeplanen. Jernbaneverket var allereie i gang med ei storstilt oppgradering av infrastrukturen på stasjonen, og her blei det også bygd ny kullvert som gjev tilgang til midtperrong og areala på nordsida av spora. Dette opna for å kunne tenke større og meir heilsakleg på utvikling av heile stasjonsområdet og knutepunktet.

Planprosessen har vore eit tett samarbeid mellom Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB og ROM Eiendom. I tillegg har Voss Resort inngått festeavtaler med ROM Eiendom for areala til den Nye Hangursbanen og for hotell. Det har vore jobba i fasar frå moglegheitstudien fram til vedteken områdereguleringsplan der alt har blitt fagleg drøfta i ei prosjektgruppe før det har blitt forankra i styringsgruppa.

Voss Resort AS blei invitert med i planarbeidet med ansvaret for den nye Hangursbanen og hotell. Reguleringa av hotellet blei godkjent som del av områdereguleringsplanen. Detaljreguleringsplanen for gondol til Hanguren blei endeleg godkjent av Fylkesmannen(brev 24.08.2015, ref 2015/6652 421.4). I brevet står det m.a at...»Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. fvl § 28 tredje ledd.»

Prosjektmål

Realisere ny Hangursbane som ein integrert del av infrastrukturløysingane i det nye kollektivknutepunktet på Voss jernbanestasjon innan utgangen av 2018.

Forankring

Samarbeidet mellom dei offentlege aktørane og næringsaktørar omkring utvikling av knutepunktet på Voss blir trekt fram som eit døme på god knutepunktsutvikling, ref. NHO sin årskonferansen 2015. Løysinga ein har komme fram til er unik i Nord-Europa og ber i seg eit regionalt vekstpotensiale som går ut over det ein vanlegvis oppnår rundt større samarbeidsprosjekt med mange deltakande interesser.

Hordaland Fylkeskommune har vore ein aktiv deltar i prosjektet, gjennom deltaking i prosjektgruppa (Skyss) og i styringsgrupa. I tillegg har prosjektet vore handsama i fleire omganga av fylkeskommunen som del av planprosessen.

Prosjektet har vore stort, innovativt, intrikat, samansett og gått over lang tid. Tiltakshavar (gjennom Voss Resort AS og no Voss Gondol AS) er blitt pålagt og har gjennomføre mange ulike utgreiingar for å kasta ljós over dei utfordringane som har vorte løfta fram rundt prosjektet. Både områdereguleringsplanen og detaljreguleringsplanen for den nye Hangursbanen er påkлага til Fylkesmannen. I begge tilfelle har Fylkesmannen stadfesta vedtaka frå Voss kommune, seinast i brev av 24. august 2015,(ref. 2015/6652 421.4).

Kommuneplanen 2011-2022:

Nyleg vedteken kommuneplan stadfester at Voss kommune har som mål å vera leiande i Skandinavia innan natur- og kulturbasert reiseliv. Knutepunktsutvikling og satsing på eksisterande sentra er sentrale tiltak for å nå målet. Det er vidare vedteke ein plan for fortetting av bustadar i Voss sentrum, Vangen.

Voss kommune meiner at den nye Hangursbanen vil ha stor betydning for utvikling av Voss, Voss som regionsenter og for tettstaden Vangen. Tiltaket finn støtte i kommuneplanen for Voss 2011-2022 der det heiter at produktutvikling er svært viktig for vidareutvikling av Voss som reisemål. Hovudmålet i planen er at «Voss skal kvar dag heile året engasjere og begeistre sine gjester gjennom deltaking i sterke opplevelsingar, basert på vossanaturen, lokal kultur og tradisjon». Strategien for å nå dette er uttrykt slik: «gode opplevelingstilbod bygd på autentiske Voss og opplevelsingar i hjarta av Fjord Noreg». Sjå vedlagt brev frå Voss kommune ved ordføraren datert 30.09.2015.

Reiselivsplanen 2009-2017:

I fylgje reiselivsplanen er talet på kommersielle senger i Voss kommune rekna ut til vel 3100 (1. januar 2008). Av desse er 1100 hotell senger. Resten er hytter, leilegheiter, fjellstover mm. Reiselivsstrategien peikar mellom anna på behovet for kompakt utvikling av eksisterande sentrum Vangen, m.fl.

Regional næringsplan for Hordaland Fylke 2013-2017:

I næringsplanen blir mellom anna reiseliv trekt fram som ei vekstnæring. Det står «Som inngangsporten til Noregs mest attraktive reiselivsprodukt, Fjordlandskapet, har Hordaland gode føresetnader for å utnytte veksten i denne næringa, som på verdsbasis er blant dei næringane med sterkest vekst.

For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å skape gode rammetilhøve for desse næringane framover.

2 av 3 Hovudstrategiar er å stimulere til «meir entrepenørskap og innovasjon, samt sikre «ein velfungerande bergensregion og attraktive regionar».

Regionalplan for attraktive senter i Hordaland har definert Vossevangen som regionssenter for omliggende kommunar. Frå Hordaland er kommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord del av regionen. I praksis gjeld dette og for kommunane Vik og Aurland i Sogn. Fylkeskommunen sin målsetnad er å bidra til at «sentra blir utforma slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i». Av delmåla går det fram at sentrumsutvikling skal kvile på staden sin historie, sær preg og landskapstrekk. Vidare vil ein legge vekt på fortetting innan gangbar kjerne.

I samarbeid med fagmiljøa i Hordaland Fylkeskommune og i Voss kommune har den arkitektoniske utforminga av Hangursbanen sin nedre stasjon fått høge estetiske kvalitetar. Alle partar ynskte at bygget skulle bli eit signalbygg, noko me meiner å ha oppnådd til fulle.

Den nye Hangursbanen er eit tiltak som vil ha effektar som ligg innanfor måla i alle desse planane.

Figuren i vedlegget viser at tiltaket inklusive nytt hotell vil skape 147 nye årsverk. Mellom 1/3 og 1/2 parten av desse vil vera folk som flyttar til Voss. Det vil bidra til vekst i talet på innbyggjarar sentralt på Voss og underbygge kommunen sitt mål om fortetting i sentrum. Auka handel vil vidare stimulere eksisterande næringsliv og skape grunnlag for ny verksemد innan kultur og naturbasert reiseliv.

Tiltaket vil styrke målet om volums- og omsetnadsvekst for reiselivet på Voss.

Hordaland Fylkeskommune har mål om å styrke Voss som regionssenter. Tiltaket vil tilføre Voss eit unikt produkt som ikkje berre vil styrke Vangen og Voss, men også aktørar som opererer i vår region. Det kan vera NSB, Tide, Fjord Tours, Flåm, Flesland, bybanen, aktivitetsbedrifter generelt i aksn Bergen-Odda. Vidare føreligg det prognosir om 50% vekst i adventureturismen dei kommande åra. Opp frå 1,2 milliarder kroner til 1,8 milliarder kroner på landsbasis. Vestlandet er innretta for å ta store deler av denne veksten. Det vil sei at grunnlaget for å utvikle nye aktivitets- og opplevelsesverksemder er gode og den nye Hangursbanen vil vera eit viktig tiltak for å pakke attraktive heilskaplege produkter i våre region.

Banen er eit soft adventure tiltak, noko som appellerer til store folkegrupper, og vil dermed vera eit viktig suplement til dei meir adreanlineorienterte produkta området er kjent for å tilby.

Prosjektorganisering

Voss Gondol AS, som p.t er 100% eigd av Voss Resort AS står som søker og tiltakshavar for bygging av den Nye Hangursbanen. Banen er tenkt organisert som eit singel purpose selskap. Prosjektet er 40-50 millionar kroner for kostbart til å vera av interesse for investorar med krav om avkastningbasis og er soleis avhengig av offentleg kapital for å bli realisert. Der er derfor søkt breid involvering frå regionale og lokale aktørar både når det gjeld tilskot, finansiering og på eigenkapitalsida.

Sjå finansieringsplanen for detaljert oversikt over tilskot og eigenkapital.

Voss Resort AS vil drifte gondolen på bakgrunn av ein driftsavtale med Voss Gondol AS.

Samarbeidspartnere

Voss kommune, Skattefunn, Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Sr-Bank, Vekselbanken, Voss Sparebank, lokalt næringsliv, privatpersonar, Taubane teknikk AS. Litner Ropeways (Italia)

Aktiviteter

Hovudaktivitetar på den nye Hangursbanen:

Tekniske data:

Lengd: 1849 meter

Kapasitet: 1500 per time kvar veg

Type: 3 S – Leitner Ropways

Kabiner: 13 gondolar a 34 personar per kabin

Toppunkt: For av og påstigning, drivverk og parkering av gondolar

Botnpunkt: Billetsal, myldreområde, på og avstigning

Master: 3 mastepunkt må utviklast med fundament og tårn.

Vegbygging: det må byggast anleggsveg til kvart mastepunkt, samt ny veg til topp stasjonen.

Lokasjon: Ein integrert del av infrastrukturen i knutepunktet på Voss stasjon.

Det blir bygd ein restaurant med plass til 450 personar i samband med toppstasjonen. Banen vil ha heilårsdrift. Utover eit allereie godt utvikla tur- og stinett vil det rundt toppstasjonen bli utvikla turstiar for alle målgrupper/universelt tilpassa, områder for leik og aktivitet for born sommarstid og leik/nybyrjarområde vinterstid.

Målgrupper

Lokale, regionale, nasjonale og internasjonale gjester som vitjar Vestlandet, Fjordane og Voss i arbeid eller fritid. Alle aldre. Tiltaket blir universelt utforma med aksess for alle målgrupper.

Selskapet vil vera eit supplement til tilboda som blir tilbuddt gjester som reiser rundturen "Norge i eit nøtteskall", for cruise gjester for lunsj og lettare rekreasjon og til grupper på rundtur i fjordane.

Banen vil auke området sin attraksjonskraft i lågsesong og i vintersesongen, spesielt frå utanlandske marknader.

Gjennom heilsakapleg produktpakking vil banen styrke marknadsgrunnlaget for andre aktivitetstilbydarar og overnatningsverksemder i regionen.

Banen vil vera tilgjengeleg for alle målgrupper uavhengig av førlegheitsnivå. Det blir lagt heis frå gatenivå ved nedre stasjon til påstigning bane. I tillegg blir det etablert rulletrepper. På toppstasjonen er det valgt toppdekke på gondolbygget og i restaurant som gjer det lett å ta seg fram med mellom anna rullestol.

I området rundt toppstasjonen blir det utvikla ein turveg på ca 1000 meter med universell utforming. Turvegen vil ligge på ca kote 800 moh og gje flott utsyn over Voss og regionen omkring.

Resultat

Oppsummert vil tiltaket tilføre:

- Nær 150 nye årsverk når knutepunktet er ferdig utvikla.
- 800 millionar kroner blir investert gjennom regionale partnarar i byggefase. Det gjev i tillegg vel 50 årsverk i byggefase på vel 2 år.
- Nye 21 årsverk i overrislingseffekt knytta direkte til gondolen.
- 25 000 nye skigjester vinterstid. Verdi kr 7 500 000,- per sesong
- Kr 25 000 000,- i ny omsetnad på Voss kvar vinter.
- 70 000 nye reisande i sommarhalvåret. Verdi kr 8 750 000,- per sesong
- Kr 21 000 000,- i auka omsetnad. Kr 300,- per gjest
- 15 nye årsverk direkte knytta til tiltaket
- 30 000 nye cruiselunsjar
- 15 000 Norge i eit nøtteskall gjester.

Sjå vedlegg: Samfunnsrekneskap for ny Hangursbane - Nytt hotell i vedlegget for underlag for utrekninga.

Effekter

SAMFUNNSEFFEKT

A. Det nye Voss knutepunkt er blitt trekt fram som eit døme på godt samspel mellom grunneigarar, private utbyggjarar og offentlege organ (Rapport om knutepunktsutvikling, Rom Eiendom/NHO 2015). Den nye Hangursbanen er eit infrastrukturtiltak i det nye knutepunktet på Voss. Tiltaket er unikt i nordeuropeisk samanheng. Knutepunktet gjev saumlaus overgang mellom tog, buss, taxi, sykkel og gondol.

B. Tiltaket vil dempe transportbehovet og legge til rette for eit effektivt kollektivt transportsystem. Born og unge på Voss vil ha enkel tilgang til fjellet og skiområdet. Toget blir det mest effektive og miljøvennlege transportmiddelet for gjester frå Bergensregionen og andre områder aust for Voss som ligg langs Bergensbanen.

Med nye E16 og nye jernbanespor vil Banen kun ligge 40 minutter unna Bergen sentrum med tog og noko lengre tid med bil.

C. Hangursbanen vil bidra vesentleg til det grøne skiftet på Voss. Destinasjonen blir eit grønare reisemål, der transporten av skigjester går langs ein grøn akse frå Flesland/bybanen, via NSB til Voss. Offentlege transportmiddel vil bli eit naturleg val for reisa til og frå Voss når du befinn deg langs Bergensbanen. Behovet for bil for å ta seg rundt mellom hotell, butikkar og fjellet blir sterkt redusert. Tiltaket vil redusere biltrafikken på E16. Ei fortetting av husvære i Bergen Sentrum/Arna og i Voss sentrum vil bidra ytterlegare til det grøne skifte.

Vi tek eit stor steg som kan vera døme for andre destinasjonar nasjonalt og internasjonalt

D. Etter innspel frå Hordaland fylke og styringsgruppa for det nye knutepunktet er nedre stasjon av Hangursbanen utforma som eit signalbygg med særeigen arkitektur. Nyskapande arkitektur er viktig for å sikre gode buforhold og livsvilkår, og å møte klima – og miljøutfordringane. Huset er blitt eit konsept i seg sjølv og har potensiale til å bli ein sekundær attraksjon for regionen. Bygget har ei form som stiller store krav til bæresystem/konstruksjon og er vesentleg dyrare per kvadratmeter å bygge enn meir normale bygg. Voss Goldol ynskjer å realisere bygget og vona fylkeskommunen vil bidra til å dekke noko av meirkostnaden med bygget.

E. Samla investering i knutepunktet på Voss blir på ca 1 milliardar kroner. Jernbaneverket har alt investert 355 millionar kroner i opprusting av jernbanestasjonen. Rom Eigedom bygger nytt terminalbygg. Den nye Hangursbanen er ei investering på vel 280 millioner kroner og det nye hotellet i underkant av 300 millioner kroner. I tillegg skal det byggast vel 4000 kvadratmeter med kontor og parkeringshus for 200 bilar i det samme området.

F. Staten vegvesen vil bygge nytt trafikknutepunkt og oppgradere Evangervegen til miljøgate. Fokuset skal vera på gåande og syklande og farten blir sett ned til 30 km i timen gjennom sentrum. Dette som ein del av knutepunktsutviklinga.

G. Den nye Hangursbanen vil bera vidare ein over femtiårs lang tradisjon med gondol som symbol for Voss. Tiltaket vil modernisere og styrke det omdømme Voss og indre Hordaland har som eit heilårs reisemål. Banen vil føre til at fleire gjester reiser kollektivt. Hotella vil få ein ny nær attraksjon å bruke i si marknadsføring. Tiltaket vil styrke rundreiseprodukt som «Norge i eit nøtteskall», Rallarvegen, Flåm og Flåmsbane. Det vil vidare gje rom for ei vidareutvikling av luftsports miljøet på Voss, samt stimulere til nye aktiviteter som stisykling og motivere fleire til rekreasjon ute.

H. Banen vil vera viktig for utviklinga av Voss sentrum, Vangen. Grunnlaget for å drive næring i regionssenteret Vangen vil bli styrka og det vil bli meir attraktivt å busetje seg i sentrumsområdet.

I. Tiltaket fell saman med og vil styrke Voss kommune sitt mål om å utvikle fleire bustadar i sentrum.

Den nye tunellen bak Voss sentrum, Vangen, har alt ført til etablering av kjøpesenter i randsona rundt Vangen. Ei positiv utvikling av Vangen vil kreve nytenking, endring i næringsstrukturen og tilboda. Utviklinga vil vera avhengig av auka tilgang på kunder. Vi kan ikkje sjå at det vil komma einskildtiltak av ein slik dimensjon som den nye Hangursbanen i overskodeleg framtid. Tiltaket vil vera det viktigaste bidraget for ei sunn, grøn utvikling av reisemål i Indre Hordaland

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1.Fase 1:

- start fundament nedre stasjon høst 2016
- start mastepunkt/toppstasjon/infrastruktur høst 2016
- avlsutte fundament og terminalbygg på Voss jernbanestasjon

Fase 2.

- Start infrastruktur mastepunkt 1- 3 Q2 2017
- Start toppstasjon Q2 2017
- vidareføring nedrestasjon fase 2 Q3 2017
- Start montering heis Q 2 2018

Fase 3

- testing av Hangursbanen q 4 2018
- operativ drift første fase Q1 2019
- avsluttande arbeid, terregnarodering etcQ3 2019
- Ferdigstille prosjektet 31.12.2019

Kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre kostnader/renter/Buffer		23 377 848			23 377 848	
	100 000					
Leitner Totalentreprise		0	27 400 000		127 400 000	
Toppstasjon og tomt topp	23 000 000				23 000 000	
	123 000					
Sum kostnad	000	50 777 848				173 777 848

Kostnadane omfattar kostnader til infrastrukturtiltaket den nye Hangursbanen. kostnader relatert til restaurant og næringslokaler er teken ut.

Sjå detaljert kostandsplan i eige vedlegg.

Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Ansvarlege lån	10 887 848				10 887 848	
Eigenkapital	79 826 661				79 826 661	
Lån hovudbank SR- Bank	33 063 339				33 063 339	
Lån lokale bankar	10 000 000				10 000 000	
Regionale utviklingsprosjekt						
Hordaland	7 500 000		2 500 000		10 000 000	
Støtte Voss K, Innovasno, Skattefunn	20 000 000				20 000 000	
Tilskot Innovasjon Norge		10 000 000			10 000 000	
	161 277					
Sum finansiering	848	10 000 000	2 500 000			173 777 848

Sjå vedlagt detaljplan for søknaden,

Alle poster er fullfinansiert utanom tilskotet frå Hordaland Fylkeskommune.

Prosjektet er avhengig av at alle tilskota blir innvilga for å bli realisert. Lokale bankar har meddelt at dei kan stille med bru-lån i perioden fram til utbetaling av tilskot. Dette relatert til krav frå låneinstitusjonane.

Då investering i restaurant og nærings-seksjon er trekt ut er det avvik mellom den totale investeringsplanen og tala som inngår i denne søknaden.

Geografi

1235-Voss

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
samfunnseffekt gondol og hotell mars 2015.xlsx	14 431	09.02.2017
Støtteskriv ordførar utviklingsprosjektet Ny Hangursbane.x.docx	174 951	09.02.2017